



Byglandsnytt nr.35 – juli 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 2. august 2022 - Send tips om arrangement til innan 29.07. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 -måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00 - 15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00 – 14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Evje legekontor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	stengt til og med 15. august grunna sjukdom	08.00 – 15.00
tysdag		08.00 – 15.00
onsdag		08.00 – 15.00
torsdag		08.00 – 15.00
fredag		08.00 – 15.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER:

tlf. 37 40 79 00

tefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

Sommarstengt i veke 27 – 31 (04.07. – 07.08.)

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 05.07. kl. 09.00 i Årdalshallen

Kunngjeringar

- **Endring reguleringsplanen for Neset camping**

Plan, miljø- og ressursutvalet har i møte 07.06.22, sak 77/22 godkjent mindre endring av reguleringsplanen for Neset camping, planID 201903



Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §12 - 14.

Du kan klage på kommunen sitt planvedtak til Statsforvaltaren i Agder, innan tre veker frå kunngjeringsdato, jfr. kap. VI i forvaltningslova.

Eventuell klage kan sendast til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland **innan 05.07.22**.

Dokumenta i saka finn du på Bygland kommune si heimesida.

- **Offentleg ettersyn: Detaljregulering for Prestøyini**

I samsvar med plan- og bygningslova §12-10 vedtok plan-, miljø- og ressursutvalet i sak 76/22 den 07.06.22 å legge forslag til reguleringsplan for Prestøyini med planid 201806 og tilhøyrande dokument ut på høyring og offentlig ettersyn i seks - 6 veker.

Føremålet med planen er å leggje til rette for bustadbygging, bryggeanlegg, senking av terreng under vatn, friluftsliv og teknisk infrastruktur.

Reguleringsplanen er lagt ut til offentlig ettersyn i 1. etg på kommunehuset og er tilgjengelig på kommunen si heimeside under planar-høyring.

Eventuelle merknader til reguleringsplanforslaget kan sendast skriftleg **innan 15.08.2022** til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller pr. e-post: post@bygland.kommune.no og merkast med sak.nr 19/497.

For nærare informasjon om planarbeidet: sakshandsamar Inger Siri Lidi tlf: 952 10 915 eller e-post: inger.siri.lidi@bygland.kommune.no

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Ingen ledig stilling for tida.

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under menupunkt **Ledige stillingar**



Helse

Informasjon frå Evje og Bygland legesenter

Grunna sjukdom blant personalet ved Evje og Bygland legesenter avdeling Bygland, vil avdelinga på Bygland halde stengt til og med 15.08.2022.



Innbyggjarar som vanlegvis ville fått time hos fastlegen sin på Bygland, vil no få timeavtale hos denne på Evje

Adressa til legesenteret på Evje er: Evje og Bygland legesenter, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

Ein minner om at det ikkje er muleg å kome på drop-in på legesenteret. Alle må bestille time i forkant.

Dei som treng transport til legesenteret, kan bestille dette via telefon på legesenteret.

Slik bestiller du legetime:

- anten ved å ringe telefonnummer **374 07 900**
- eller ved å bestille via **www.helsenorge.no**

Hugs også å bestille reseptar i god tid, no som det nærmar seg sommar og ferieavvikling. Reseptar kan, for mange, bli fornya via <http://www.helsenorge.no>.

Dersom fastlegen din er i permisjon eller liknande, må ein ringe legesenteret for å få fornya resepten.

Vi er lei for dei ulempene dette måtte medføre, og bed om forståing for at det kan vere pågang på telefonen.

Busetting av flyktningar

Bygland kommune har no busett 6 flyktningar frå Ukraina og ventar 4 som kjem i veke 27. Alle 10 er vaksne over 18 år. Marianne Haugvik Hodne starta i jobben som flyktningkonsulent 15. juni.



Plan, miljø og ressurs

Orientering om iverksetting av ny flaumvurdering for Åraksfjorden og Byglandsfjorden

Plan-, miljø- og ressursutvalet fatta i møte den 7.6.22 vedtak om ny flaumvurdering for Åraksfjorden og Byglandsfjorden

I møte den 7.6.2022 gjorde Plan-, miljø- og ressursutvalet i sak 86/22 fylgjande vedtak:



Ny flaumvurdering for Åraksfjorden og Byglandsfjorden, jfr. notat frå Norconsult AS av 20.12.2018 blir lagt til grunn i staden for flaumhøgder som går fram av NVE sitt aktsomhetskart for flaum og flaumhøgder som går fram av Strandsoneplanen (s.13)

Ny flaumvurdering med klimapåslag blir overordna alle tidlegare planar og vedtak etter plan- og bygningsloven og skal brukast fram til ny flaumsonkartlegging er ferdig, truleg i slutten av oktober 2022.

Ny flaumhøgder gjeldande frå vedtaksdato, 7.6.2022, blir som fylgjande:

Gjentaksintervall	Vannstand Åraksfjorden	Vannstand Byglandsfjorden
20 år	204,16 m.o.h	203,06 m.o.h.
200 år	205,62 m.o.h.	203,96 m.o.h.
1000 år	206,55 m.o.h	204,54 m.o.h

Verdiane må sjåast på som minimumsverdiar og ein tilrår at det i samsvar med uttale frå NVE blir lagt til ein tryggleiksmargin på + 0,5 m.

Heile saksframlegget med vedlegg finn du på kommunen si heimesida.

Rådet for eldre og funksjonshemmede: Gratis hjelpetelefon for medlemmer

Treng du hjelp med mobil / smarttelefon eller nettbrett så kan du ringe gratis til

Pensjonistforbundet: tlf. **226 00 700**



Drift og Forvaltning

Sommarjobb for skuleungdom 2022

Mellom 27.06. og 08.07. er det 12 skuleungdomar i sommarjobb ved eininga. Dei er synlege rundt omkring i kommunen med målejobbar, arbeid på grøntanlegga m.m.



Ein ungdom skal vere med å rydde søppel og krypsiv i Åraksfjorden saman med Olav Øygarden som er arbeidsleiar.

Hogst Nesmoen

I løpet av året vil det bli gjennomført hogst og vegetasjonsrydding på kommunen sitt næringsareal på Nesmoen. AT – skog vil stå for gjennomføringa. Målet med hogsten er å gjere kommunen sine næringsareal meir synlege.

Byglandsfjord stasjon

Areala rundt stasjonsbygningen har blitt friska opp. Ein flott dugnadsgjeng legg ned ein formidabel innsats med å stelle bedd og rydde i vegetasjonen. Det er planta diverse stauder og andre planter som var på stasjonsområdet i eldre tider. Gunnar Gauteland har vore engasjert eit par dagar med ulikt maskinarbeid som pyntar opp. Det har kome ny grus og rotvelter er fjerna. Det er nye sittebenkar i området. Det blir og jobba med å få eit nytt skilt på stasjonen, slik det var da han var i drift. Utføringa av dei ulike tiltaka skjer med utgangspunkt i utarbeidd moglegheitsstudie som blei laga i 2021.

Grøntanlegga / kyrkjegardane

Det kan vere utfordrande å halde alle grøntanlegga i kommunen fine og klypte til ei kvar tid. Vi prøver å prioritere kyrkjegardane våre. Det er engasjert ein sommarvikar i heile juli som vil ha grøntanlegg som arbeidsoppgåve.

Kultur

Kilden teater presenterer: Anne

Fredag 26. august kl. 19.00 kjem Kilden teater til Bygland kulturscene med forestillinga "Anne" av Paal-Helge Haugen

Tørr kort hoste riv i bringa, jagar svarte flikar framfor augo. Av og til må eg setja meg og stø panna i handa.



Bilete: Kilden

Etterpå andedrag som lange knivar der inne. Stundom går eg ut under lønnetreet når det byrjar. Det hender at eg legg meg flat i graset. Det hender at eg kjenner ein salt smak i munnen

Korleis er det å miste livet – akkurat då det er i ferd med å begynne? For fyrste gong dramatiserast Paal-Helge Haugens prisbelønnande punktroman Anne. Haugen er fødd og oppvaksen i Valle i Setesdal, og berre 23 år gammal slo han gjennom med nettopp Anne. For boka mottok han Nynorsk Kulturpris, og den reknast i dag som ein moderne klassikar frå ein av våre fremste poetar.

Framsyninga er eit intimt og musikalsk møte med sanninga om at tida vi tar for gitt – ikkje er garantert. At planane om å utforske verda og forme ditt eige liv – kan bli stole frå deg.

I denne kjensleladde monologforestillinga bli 22 år komprimert til kun éin time gjennom ein serie av små glimt av eit liv, som blir avslutta alt for tidleg når den unge jenta blir ramma av tuberkulose.

På scena står skodespelar Ann Ingrid Fuglestveit og musikar og lyddesignar Åsmund Solberg. I 2020 vann han Folkelarmprisen i kategorien tradisjonelt samspel, han har og vore nominert til Spellemannsprisen.

Tekst kopiert frå www.kilden.com

Oppvekst

Sommarferie 23.06.-17.08.

GOD FERIE! 😊

SOMMARLES 2022

Frå 1. juni til 31. august kan du som går i 1. til 7. klasse delta på Sommarles.no
Sommarles gjer lesing endå gøyare, og det er heilt gratis å vere med!



Du lagar ein profil på Sommarles.no, registrerer bøker, får lesetips, løyser oppgåver og kan følge med på kva vennene dine les. Her kan du også lese ei superspennande forteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

Sommarles er for alle. For kvar bok du legg inn, får du XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Du kan lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriar, eller nokon kan lese høgt for deg - all lesing tel. Og sjølvstakt har vi premiar! Når du registrerer bøker du har lese, får du digitale trofé til profilen din på nettsida, og du kan hente premiar på biblioteket i løpet av sommaren. God sommar med Sommarles.no!

Informasjon frå folkebiblioteket i Bygland: Vi opnar att på måndag 08.08. ☺

Ymse frå skulen

Byglandsfjord skule har hatt ei flott friluftsvеke med sykkelturar og sykkelkontroll av politiet. Dei har og vore på eit triveleg besøk på Bygland oppvekstsenter og hatt ulike samarbeidsaktivitetar. Samarbeid mellom skulane er viktig for at elevane skal bli kjende før dei skal gå i same klasse på ungdomskulen. Begge skulane har hatt flotte dagar i Kilen og på Prestneset der dei har fått låne utstyret til BUA.



Bilete: Anne Fauske, kulturleiar, leiar BUA Bygland og Bygland frivilligsentral

Byglandsfjord skule hadde ein fantastisk tur til Bragdøya for å utforske kystlivet, medan 10. klasse på Bygland har vore på ein spennande tur i lag med Bykle- og Valle skule til Rjukan og Oslo. Dei besøkte blant anna Vemork, Nato anlegget, Utøya og Grini fangeleir.

Begge oppvekstsentra har hatt trivelege sommaravslutningar for heile oppvekstsenteret i regi av FAU – endeleg kunne me samle alle igjen.

21.juni var det vitnemålsfest for 10.klasse

Bygland kommune gratulerer og ønsker alle lukke til vidare! 😊



Bilete: Liv Elin Frøysnes Berg

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 10.07. kl. 11.00, familiegudsteneste, KVS Bygland
- søndag 17.07. kl. 12.00, friluftsgudsteneste – Austadneset, Ose
- fredag 29.07. kl. 18.00 Olsoksgudteneste, Sandnes kapell, Sandnes

Ingen **andaktar** på Byglandsheimen i juli.

For meir information: bygland.kyrkjelyd.no



Austadneset



Sandnes kapell

Bibel- og naturcamp på KVS Bygland 03.-10.07.

For program og informasjon: bibelognaturcamp.no

Velkommen til
BIBEL- OG NATURCAMP
på KVS Bygland
3.–10. JULI 2022



“Midt i hjertet av Setesdal”

Tlf: 982 99 711

Mail: kbnilsen@hotmail.com

www.bibelognaturcamp.no

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøring av middag** to ganger i veka
- **Besøksven** for eldre
- Bingo på frivilligsentralen: 5. juli, kl. 18.00

Alle andre aktivitetene tek sommarpause. **GOD SOMMAR!**

Informasjon om Seniorsenter

Diverre vil seniorsenteret stenge frå og med no og heilt ut juli. Ein må etter det gjere ei vurdering om ein kan drive vidare med hjelp av frivillige. Ein har håp om at ein kan få nok frivillige til at ein kan få til ein rulleringsplan slik at ansvaret blir fordelt. Dette legg til rette for at du veit når det er din tur og kan planlegge ut i frå det.

Dersom du kan tenkje deg å vere vert på seniorsenteret ei gong innimellom, kan du sende sms eller ringe på: 945 10 770!

Som frivillig vil du få gleda av å kunne vere med å skape ein møteplass som betyr mykje for mange!

TAKK ATT DU ER FRIVILLIG! ☺

Bygland Frivilligsentral vil med dette få takke alle som har bidrege med frivillig arbeid det siste året.

Med Bygland Frivilligsentral sine 31 ulike aktiviteter gjennom året, er me heilt, heilt avhengige av at dykk he lyst til å vere med på laget. Så er det også enormt mykje som skjer i lag og foreningar gjennom heile året, og dette arbeidet dykk alle legg ned her er ekstremt viktig!

Alle frivillige bidrag er like viktige, om du deltek nokre få timar, eller mange timar. Dagleg leiari skulle ønske at ein hadde «gull og grønne skoger» å gje dykk, for det fortjener dykk alle!

Men så håper ein også at dykk kjenner på at det også er ei glede å bidra frivillig. Gleda ved å gje noko til andre, kan ikkje undervurderast! Me har lagt bak oss ei tid, som har vore vanskeleg for det frivillige. Etervirkningane etter dette sit enno i. Men i Bygland blomstrar det frivillige, og ein har tru på dette vil fortsetje framover. Saman kan ein få til det mest utrulege!

Ein håpar no at sommaren vert ei tid der du kan trekkje lange seine andedrag. Og at du etter ein god og lang sommar atter er klar for ny innsats. Me treng dykk, og dykk er verdifulle!

God sommar ønskjer Anne Fauske, leiari Bygland frivilligsentral



2022 er Frivillighetens år – Sykkeltur 2022 – på Bygland 8. august

Norges Frivilligsentraler inviterer i samarbeid med ei rekke andre organisasjonar til ein sykkeltur gjennom heile landet! Saman skal vi sykle, for å skape gode og inkludarende lokalsamfunn.

BLI MED! Den 8 August frå Bygland til Evje og Hornnes på sykkel!



Hendelser langs ruta

10:00 - 11:00 Bygland Barnehage heier/BUA

Bygland har aktivitet.-Bygland
Frivilligsentral

10:45 - 11:00 Leikkaring- Setesdal

spelemannslag-Bygland Frivilligsentral

11:35 - 12:00 Bygdekvinnelaget lagar mat
-Longerak

12:30 - 13:00 Husflidlaget vevar-Grendi

12:30 - 13:00 Bygland Hornmusikk
konsert-Grendi

13:30 - 14:00 Krik Mini sykklar med oss

13:30 - 14:30 Byglandsfjord grendelag

steiker lappar-Byglandsfjord stasjonsområde

15:00 - 16:00 Pensjonistens gågruppe
heier-Evje

15:15 - 16:00 Gruva barnekor konsert-Evje

15:15 - 16:00 Sanitetsforeninga deler ut
mat-Evje

15:15 - 16:00 Dølafoten Seniordans -Evje

15:45 - 15:55 Utdeling av pris-Evje sentrum

16:20 - 17:00 Hornnes hjelpefengsel, 4H,
Flerkulturell kvinnegruppe lagar pizza i
pizzaovn!-Hornnes

Mvh Bygland og Evje og Hornnes
Frivilligsentral

Turen går frå Nordkapp til Arendalsveka, frå 21. mai til 15. august 2022. Sykkelturen er delt opp i fleire deletappar, og kvart fylke har fått 7 etappar. Ein av etappane går frå Bygland til Evje og Hornnes langs R9, og er den einaste etappen i Setesdal og indre Agder!

Vi ønskjer at dette skal bli ein festdag langs R9 til Evje, og me samarbeider med Evje og Hornnes Frivilligsentral for å dette til. Norges Frivilligsentralar kjem med 6 rickshawsyklar. I tillegg har kommunane 4 rickshawsyklar sjølve.

Dersom DU vil vere ein del av denne store dagen kan du melde di interesse på: frivillig.no/bygland-frivilligsentral/bli-med-pa-sykkelturen-2022-og-loft-frivilligheten-fra-bygland-til-evje . Her finn du alle oppgåvane som vi treng folk til anten det er som sykkelførar, heilagjeng, eller passasjer eller anna.

Om du heller vil bruke telefon eller sms, kan du ta kontakt med dagleg leiar ved Bygland Frivilligsentral, Anne Fauske 945 10 770.

Vil du finne ut meir om etappane, kva som skal skje eller anna kan du kikke her: Norges Frivilligsentraler, sykkelturen2022.no

Tour of Norway Kids på Bygland 21. juni 2022 – oppsummering av Anne Fauske, leiar Bygland frivilligsentral, kultur og BUA Bygland

«Bravissimo Bygland!

På tross av regn, og ganske mange knott møtte det massevis av barn og unge til sykkelløp på Bygland den 21. juni. Me meiner det var mellom 90 og 100 deltagar.. om lag. 😊 Det er så sinnsykt gøy det! Vi digger når dere kommer og vil sykle med oss! 😊



Bilete: Anne Fauske

Takk for at @tourofnorwaykids vil besøke oss, og TUSEN TAKK til alle dei frivillige som møtte og hjalp oss denne dagen. I følge tourofnorwaykids-gutta skapte vi rekord i ned- og opprigg.»

Tømekalender for Bygland kommune – juli 2022

- **Papir og plast:** veke 28: tysdag 12.07.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 28: torsdag 14.07.
- **Matavfall og restavfall:** veke 30: torsdag 28.07.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.07.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (23.07.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (09.07.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 35:

Bilete: Framside: BUA-dag på Presteneset i Bygland av Anne Fauske. Innhald (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske. Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer: Anne Fauske. Takk til alle fotografar!



Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg.
Byglandsnytt august 2022 kjem: 02.08., skrivefrist 29.07.

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE: Ingen kino i juli

Ymse

Bygland turistkontor på Stoga kafé Presteneset, Bygland: ope kvar dag kl. 11.00 – 17.00, **tlf. 907 81 105**



Bilete: Olav Grendstad

Ose Matmarknad 2022 laurdag 9. juli
kl 11.00 - 18.00 og søndag 10. juli kl.
11.00 - 17.00, Ose i Bygland ☺

Salsbodene er samla i det vesle sentrumet i Ose, ramma inn av «Storstoga», Ose Turistheim, Ose Ullvare, Ose Grendehus og Coop Marked Ose.

Vi har plass til fleire utstillarar.

På Ose Grendehus er det etegilde med tradisjonsmat: Korv m/komle el. poteter, Komper, Setesdalssuppe, Rjomegraut og Spekemat

- Søndag kjem Geir Daasvatn for å fortelje og vise bilete fra Setesdal
- Kulturpatrulja kjem for å opptre
- gratis hoppeslott for borna
- Bjoren har rundturer på sundagen (sjå s.

Gratis inngong på marknaden. Parkeringavgift kr 100,-

Gamaveka Extreme 2022 Paraglider-, hangglider-, og fallskjerm- festival på Bygland, 22. - 31. juli 2022

Opptrekkskurs, SIV kurs, helikopterturar.

Gamaveka er eit familievennlig arrangement, så ta gjerne med familien din.

Det vil bli lagt opp til aktivitetar for barn under heile opphaldet.

Det er ingen påmelding, berre registrering når du kjem til Bygland.

All praktisk informasjon og detaljerte skildringar finnar du på www.blisk.no under fana Gamaveka Extreme.

Bjoren Brygge, Bygland: sommarope

- **Brygga lagkviss, fredag 1. juli kl. 19.00**
- **Brygga Rock Session, laurdag 30. juli**
 - Palpatine Rising. Shit Happens. Snauhogst.
 - Musikk i 6 timer. Kr. 300

Følgj [@bjorenbrygge](https://www.facebook.com/bjorenbrygge) på Facebook



Bilete: Gamaveka Extreme



Bilete: Bjoren Brygge

Kulturskolen i Evje og Hornnes og Bygland: Rytmask sommarskule 2022, 31.07. – 03.08., Musikkverkstedet på Byremo

Kvar sommar sidan 2002 har Agder musikkråd Rytmask Sommerskule for spelegrad ungdom mellom 13 og 19 år. Kurset blir halde på Byremo i fantastiske lokale i Musikkverkstedet og blir avslutta med konsert i Kristiansand.

Eit unikt tilbod for musikkglade ungdom. Meld deg på ☺

MUSIKALTROPP - NYTT SPENNANDE TILBOD I KULTURSKULEN

Er du glad i song og skodespel? Likar du å kasta deg inn i forskjellige karakterar, synga songar og leva deg inn i ein heilt anna verda? Då kan musikal vera noko for deg! Med fokus på mestring og å være trygg på scena lærer du grunnleggande teknikkar i song, teater og dans gjennom leik, øvingar, stemmebruk og skodespel.

Saman set vi opp musikalnummer og framsyningar som er både gøy og lærerike! Søk allereie i dag, og bli ein del av musikaltroppen til hausten!
For meir informasjon: www.e-h.kommune.no/menu/Kulturskole

Bygland Jeger- og fiskarlag: Leirdueskyting

kvar onsdag kl. 18.00 – 20.00 fram til 7. september. Ha det ikkje kome folk innan kl. 19.00, stengjer vi. *For meir informasjon: facebook.com/byglandjfl*



Bilete: Bygland Jeger- og fiskarlag

Bygland Skyttarlag: Skyting på riflebanen

ved R9, Bygland, kvar torsdag kl. 18.00. Skyting til storvilt prøve og trening.



Bilete: Bygland Skyttarlag

Utstilling om gullfunnet på Nese i Bygland i 1833 og Europeisk

Kulturminnekonferanse laurdag 3. september 2022, tidlegare banklokala på Bygland og Bygland kulturscene

Gullfunnet på Nese i 1833 - ei stor samling av romersk gull frå 400-talet som no kjem frå



Bilete tatt frå unimus.no

Kulturhistorisk Museum tilbake til Bygland, blir synt fram i banklokala på Bygland frå 3. september og heile månaden ut.

I tillegg til ein opningsseremoni og omvising, blir det same dag ein EUROPEISK KULTURMINNEKONFERANSE frå Bygland kulturscene. Dette er eit norsk bidrag frå Bygland til den Europeiske Kulturminnedagen. Frå scenen får vi høyre saga om dette fantastiske funnet av fagfolka på Kulturhistorisk Museum og det blir konferanse med publikum i salen om dette og historiske Bygland i fagleg perspektiv, samt lokale musikkinnslag o.a.

Vi kjem med meir info etter kvart, men set av laurdag 3. september til eit storhende !

Midt-Agder friluftsråd inviterer barn og unge til **Sommar Aktivitet Senter**

I nærheten av
Bygland:

tysdag 2.
august kl.
11.00 – 17.00

på Furuly,
Evje

Velkomen 😊

MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD

SOMMER AKTIVITET SENTER

“ NOE Å GLEDE SEG TIL
FOR BARN OG UNGE! ”

GRATIS AKTIVITETER FOR HELE FAMILIEN

VAFFELBUA, Jøgersberg i KRISTIANSAND
05.juli til 06.august, TIR-LØR 11-17

LANGESTRANDA, Funulunden i MANDAL
04.juli MANDAG 11-17
06.august LØRDAG 11-17

FJORDPARKEN, Moseidstranda i VENNESLA
05.juli TIRSDAG 11-17
03.august ONSDAG 11-17

FURULY, ved Oira i EVJE
02.august TIRSDAG 11-17

ÅSERAL (stad kunngjøres juli)
14.august SØNDAG kl.11-17

For vannaktiviteter må barn og unge være i
følge med ansvarlig voksen over 18 år.

midt-agderfriluft.no/sommeraktivitetssenter
Facebook: SommerAktivitetSenter



- | | |
|---|--|
| Søndag 05.juni kl.12.00 Byglandsfjord | Onsdag 13.juli kl.12.00 Byglandsfjord m/Kulturpatrulja |
| Søndag 12.juni kl.12.00 Bygland | Lørdag 16.juli kl.17.00 Bygland-Byglandsfjord(ikkje retur) |
| Søndag 19.juni kl.12.00 Byglandsfjord | Søndag 17.juli kl.12.00 Byglandsfjord |
| Søndag 26.juni kl.12.00 Byglandsfjord | Onsdag 20.juli kl.12.00 Bygland m/Kulturpatrulja |
| Onsdag 29.juni kl.12.00 Bygland m/Kulturpatrulja | Søndag 24. juli kl.12.00 Bygland |
| Søndag 03.juli kl.12.00 Byglandsfjord | Onsdag 27.juli kl.12.00 Bygland m/Kulturpatrulja |
| Onsdag 06.juli kl.12.00 Byglandsfjord m/Kulturpatrulja | Søndag 31.juli kl.12.00 Bygland |
| Lørdag 09.juli kl.16.00 Byglandsfjord-Ose
via Bygland (ikke retur) | Onsdag 03.aug. kl.12.00 Bygland |
| Lørdag 09.juli kl.18.00 Bygland-Ose (ikke retur) | Søndag 07.aug. kl.12.00 Byglandsfjord |
| Søndag 10.juli kl.11.00 Ose 1 times rundtur | Søndag 14.aug. kl.12.00 Bygland |
| Søndag 10.juli kl.12.15 Ose 1 times rundtur | Søndag 21.aug. kl.12.00 Bygland |
| Søndag 10.juli kl.13.30 Ose 1 times rundtur | Søndag 28.aug. kl.12.00 Byglandsfjord |
| Søndag 10.juli kl.16.00 Ose-Bygland (ikke retur) | |

Kvar tur tek ca. 2 timar. Enkelte dagar vil det verte sett opp ny tur kl. 14. Sjå heimesida.

Bestill billetter på www.bjoren.no

BILLETTPRISAR:

Familie: Kr. 600,00

Vaksne: Kr. 250,00

Born: Kr. 150,00

BOOKING OPNE TURAR:
Setesdalsmuseet



www.bjoren.no

Telefon : +47 904 78 160 / 995 18 203

Epost: bjoren@setesdalsmuseet.no



Sommaren 2022

Veke 25

23.6 kl. 17.00 Hegni Hovden

Veke 26

29.6 kl. 12.00 Bjoren, Bygland

30.6 14.00 Sylvartun

1.7 18.00 Sølvgarden

2.7 17.30 Revsnes Hotell

Veke 27

6.7 kl. 12.00 Bjoren, Byglandsfjord

16.00 Sølvgarden

7.7 19.00 Neset Camping

8.7 14.00 Hovdestøylen

9.7 14.00 Ose Matmarked

Veke 28

13.7 kl. 12.00 Bjoren, Byglandsfjord

14.7 14.00 Sylvartun

15.7 kl. 18.00 Dølen, Evje

16.7 kl. 14:00 Setesdalstreffet, Rysstad

16.00 Sølvgarden

Veke 29

20.7 kl. 12.00 Bjoren, Bygland

21.7 14.00 Sylvartun

22.7 18.00 Sølvgarden hotell

23.7 15.00 Bykle Hotell

Veke 30

27.7 kl. 12.00 Bjoren, Bygland

17.30 Revsnes Hotell

28.7 14.00 Sylvartun

29.7 14.00 Bergtun, Valle

16:00 The Village, Hovden

30.7 ca. 17-18 GAMAVEKA Bygland

(avhengig av vind!)

Setesdalsmuseet


VEL BEVART, GODT FORTALT

Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS,
saman med KLUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.



Tømekalender i Bygland kommune Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00



Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall



Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast



= Glas/Metall

2022

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00

Juli		August		September		Oktober		November		Desember	
Fr 1	Ma 1	To 1	Fr 1	To 1	Lø 1	Ti 1	Ti 1	Ti 1	To 1	To 1	To 1
Lø 2	Ti 2	Fr 2	Lø 2	Fr 2	Ma 3	On 3	On 3	On 3	Fr 2	Fr 2	Fr 2
Sø 3	On 3	Lø 3	Sø 3	Lø 3	Ma 4	To 4	To 4	To 4	Lø 3	Lø 3	Lø 3
Ma 4	Ma 4	Ma 4	Ma 4	Ma 4	Ti 4	Fr 4	Fr 4	Fr 4	Sø 4	Sø 4	Sø 4
Ti 5	Fr 5	Fr 5	Fr 5	Fr 5	On 5	Ma 5	Ma 5	Ma 5	Ma 5	Ma 5	Ma 5
On 6	Lø 6	Ti 6	On 6	Ti 6	To 6	Fr 7	Fr 7	Fr 7	Sø 6	Sø 6	Ti 6
To 7	Sø 7	On 7	To 7	On 7	Fr 8	Ma 8	Ma 8	Ma 8	On 7	On 7	On 7
Fr 8	Ma 8	Ma 8	Ma 8	Ma 8	Lø 8	Ti 8	Ti 8	Ti 8	To 8	To 8	To 8
Lø 9	Ti 9	Fr 9	Lø 9	Fr 9	Sø 9	On 9	On 9	On 9	Fr 9	Fr 9	Fr 9
Sø 10	On 10	On 10	Sø 10	On 10	Ma 10	To 10	To 10	To 10	Lø 10	Lø 10	Lø 10
Ma 11	To 11	Ma 11	Ma 11	Ma 11	Ti 11	Fr 11	Fr 11	Fr 11	Sø 11	Sø 11	Sø 11
Ti 12	Fr 12	Fr 12	Ti 12	Fr 12	On 12	Ma 12	Ma 12	Ma 12	Ti 12	Ti 12	Ti 12
On 13	Lø 13	Ti 13	On 13	Ti 13	To 13	Fr 14	Fr 14	Fr 14	Sø 13	Sø 13	Ti 13
To 14	Sø 14	On 14	To 14	On 14	Fr 15	Ma 15	Ma 15	Ma 15	On 14	On 14	On 14
Fr 15	Ma 15	Ma 15	Ma 15	Ma 15	Lø 15	Ti 15	Ti 15	Ti 15	To 15	To 15	To 15
Lø 16	Ti 16	Fr 16	Lø 16	Fr 16	Sø 16	On 16	On 16	On 16	Fr 16	Fr 16	Fr 16
Sø 17	On 17	On 17	Sø 17	On 17	Ma 17	To 17	To 17	To 17	Lø 17	Lø 17	Lø 17
Ma 18	To 18	Ma 18	Ma 18	Ma 18	Ti 18	Fr 18	Fr 18	Fr 18	Sø 18	Sø 18	Sø 18
On 19	Lø 19	On 19	On 19	On 19	Ma 19	To 19	To 19	To 19	Ma 19	Ma 19	Ma 19
Fr 20	Ma 20	Ma 20	Ma 20	Ma 20	Lø 20	Ti 20	Ti 20	Ti 20	Sø 20	Sø 20	Ti 20
To 21	Sø 21	On 21	To 21	On 21	Fr 21	Ma 21	Ma 21	Ma 21	On 21	On 21	On 21
Fr 22	Ma 22	Ma 22	Ma 22	Ma 22	Lø 22	Ti 22	Ti 22	Ti 22	Fr 23	Fr 23	Fr 23
Lø 23	On 23	On 23	Lø 23	On 23	Sø 23	Ma 24	Ma 24	Ma 24	On 23	On 23	On 23
Sø 24	On 24	On 24	Sø 24	On 24	Ma 24	To 24	To 24	To 24	Lø 24	Lø 24	Lø 24
Ma 25	To 25	Ma 25	Ma 25	Ma 25	Sø 25	Ti 25	Ti 25	Ti 25	Sø 25	Sø 25	Sø 25
To 26	Fr 26	Fr 26	To 26	Fr 26	Ma 26	To 26	To 26	To 26	Ma 26	Ma 26	Ma 26
On 27	Lø 27	On 27	On 27	On 27	Ti 27	Fr 28	Fr 28	Fr 28	Sø 27	Sø 27	Ti 27
To 28	Sø 28	On 28	To 28	On 28	Fr 28	Ma 28	Ma 28	Ma 28	On 28	On 28	On 28
Fr 29	Ma 29	Ma 29	Ma 29	Ma 29	Lø 29	Ti 29	Ti 29	Ti 29	To 29	To 29	To 29
Lø 30	Ti 30	Fr 30	Lø 30	Fr 30	Sø 30	Ma 31	Ma 31	Ma 31	On 30	On 30	On 30
Sø 31	On 31	On 31	Sø 31	On 31	Ma 31	To 31	To 31	To 31	Lø 31	Lø 31	Lø 31

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i måneden kl. 14.00–18.00 og 4. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00. Stengt 2.4.12. 2022.



KVA SKJER I BYGLAND?

Juli 2022

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
fredag 01.07.	Bjoren Brygge, Bygland	19.00	Lagkviss
tysdag 05.07.	Bygland frivilligsentral	18.00	Bingo
laurdag 09. – sundag 10.07.	Ose i Setesdal		Ose matmarknad (sjå. s. 14), turar med DS Bjoren
sundag 10.07.	KVS Bygland	11.00	Familiegudsteneste
sundag 17.07.	Austadneset, Ose	12.00	Friluftsgudsteneste
fredag 22. – sundag 31.07.	Bygland museumstunet, Presteneset, Bygland		Gamaveka Extreme 2022 (sjå. s. 14)
fredag 29.07.	Sandnes kapell, Sandnes	18.00	Olsoksgudteneste
laurdag 30.07.	Bjoren brygge, Bygland	kveld	Brygga Rock Session (sjå s. 14)

GOD SOMMAR! 

- **Bygland frivilligsentral:** sjå s. 9-12
 - **Konsert, idrett og ymse arrangement:** sjå s. 13-16
 - **DS Bjoren:** Opne turar 2022, sjå s. 17
 - **Kulturpatrulja:** sjå s. 18
 - **Bygland turistkontor** på Presteneset, Bygland: ope kvar dag kl. 11.00 – 17.00, tlf. 907 81 105
 - **Bygland museum:** ope kvar dag kl. 11.00 – 17.00, gratis
- 20 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117**